

10.02.2023 – Ragnhild Jepsen

Kjære alle saman, det er med ei skjelvande glede eg står her i dag.

Eg er glad og takknemleg for å vere her – i dette flotte kyrkjerommet – som nyutnemnd biskop i Bjørgvin.

Og det er med forventning og audmjukhet eg om eit par månader skal gå inn i tenesta og bli kjent med folk og tru og tradisjonar i eit bispedøme som femner om så mykje og så mange.

Korleis folk lever og bur, det har også noko å seie for korleis vi *trur*. Landskap og fellesskap, tradisjonar og geografi; – Bjørgvin bispedøme er rikt på ressursar og mangfald.

Som biskop gler eg meg til å bli kjent med *levd* tru.

Og eg vil vere med og invitere til, både i kyrkje og samfunn, å finne eit språk som let oss vere frimodige om tru og trusuttrykk, så vi kan glede oss over å dele forteljingar med kvarandre til inspirasjon og fornying.

I ei folkekyrkje som samlar eit fleirtal av innbyggjarane må vi finne den tonen mellom oss som vibrerer og gjev klang til trusliv og fellesskap. Og vi må finne fram til korleis vi kan leve godt saman i respekt og tillit og ulikhet, både i kyrkja og i samfunnet. Eg trur vi kan tolke mykje forskjellighet når vi også kan dele tradisjonar og truserfaringar.

Vi er saman om viktige symbol og historie:

Kyrkjehusa i byar, bygder og langs fjordane – dei fortel så mange historier om korleis menneska lever her;

høgtidene som vi feirer og held høgt,

forteljingane som gjer oss til dei vi er og utrustar oss til å møte framtida.

Evangeliet om Jesus Kristus, forkjent og fortolka inn i vår verd, er det som bind oss saman.

Det gjev fornying, det gjev håp.

Kyrkjelydens samling om ord og sakrament er omdreiningspunktet i fellesskapa våre.

Men liturgien, kyrkjemusikken og uttrykka vi er saman om, kan vere ulike. Slik er det i Guds verdsvide kyrkje. Jesusforteljingane vitnar om at vi skal forkynne ein livsviktig nåde og fridom som gjev menneske mot og tru i vår tid.

Som biskop vil eg oppmuntre til og halde fram at fellesskapa vi møter kvarandre i, skal vere trygge, respekfulle, opne og frimodige.

Saman med alle gode kyrkjelege medarbeidarar i bispedømet, ser eg fram til å utforske korleis dette kan finne rom i åra som kjem.

Verdshendingane den siste veka med jordskjelvet i Syria og Tyrkia og dei enorme øydeleggingane og den menneskelege lidinga, har vist oss at vi er ei sårbar verd.

I snart eitt år har ein grufull krig rast på vårt eige kontinent.

Det er ingen måte vi kan vende ryggen til det på og seie at vi har nok med oss sjølve.

Vi lid med dei som no kjempar mot kulde og øydeleggingar.

Vi bed for - og gret - med dei som sørger.

Vi skal bere håp til verda, - Guds håp for menneska.

Og vi skal la Kristi hjarteslag banke hardt og godt for alle som treng kjærleik og omsorg.

Sidan Sunniva sette seg i båten og let den miskunnsame Gud føre seg til Selje, har dette bispedømet levd med ein særleg tradisjon med å vende blikket utover, over hav og over grenser. – Med å sende menneske ut i verda.

Og med å vite kva dei treng, dei som er langt heimanfrå.

At biskopen i Bjørgvin har tilsyn med Sjømannskyrkja og dei som har si viktige teneste der, ser eg også fram til å gå inn i.

Vi veit at møtet med kyrkja ute kan bety ein stor skilnad.

At nokon er der med språk, håp og vaflar i det som er ukjent;

i det ein lengtar heim til; i det som er i tider av livet,

og i det ein har funne seg godt til rette i og kjenner som heime – langt borte frå heime.

Eg tenker på Sjømannskyrkja sitt arbeid som ei særleg diakonal teneste i kyrkja vår; å vere kyrkje med håp og miskunn også hjå dei som er langt borte.

Vi skal vere førebilete for kvarandre og for alle som søker ei tru og ynskjer eit fellesskap å høyre til i.

Ikkje minst for barn og unge.

Dei er ikkje dei som *ein gong* skal finne sin plass i kyrkja.

Nei, barn og unge gjer kyrkja sann **no**.

Ikkje minst treng vi dei tydelege stemmene som med alvor legg inn over oss kva vi må gjere for at jorda vår skal ha ei framtid. Og korleis vi som kyrkje skal tale, men ikkje minst handle, for å ta vare på Guds skaparverk og fremme rettferd.

Eg ser særleg fram til samhandlinga med ungdomsrådet i bispedømet, og med dei andre folkevalgte organa, og korleis vi saman kan fremme eit godt vitnemål om desse avgjerande spørsmåla i vår tid.

Vår gudsrelasjon er bygd på eit sterkt og kjenslerikt forhold mellom Skapar og skapning. Vi er gjevne gåva til å la oss begeistre, til å slutte oss til. Og til å begeistre andre.

Den gode visdomen, Guds skaparsmil, har pusta sin ande inn i oss.

Er det ikkje nettopp det ordet «begeistre» betyr?

At vi har fått Guds «geist», *Guds ande* lagt ned i oss som ei gáve og ein rikdom?

Med den skal vi også la Gud skape noko frigjerande:

Til glede for kvarandre.

Til livsutfalding og frigjering i Jesus Kristus.

Eg ser med begeistring fram til tenesten som biskop i Bjørgvin!